

AVTALE OM KONSESJONSKRAFTMIDLAR

Vedlegg til samarbeidsavtale for Ryfylkefondet kommunalt oppgåvefelleskap, heretter kalla **Ryfylkefondet**.

Mellom Rogaland fylkeskommune, Sauda kommune, Suldal kommune, Hjelmeland kommune og Strand kommune (seinare kalla partane) er det inngått følgjande

AVTALE

1. Partane vil i medhald av vedtak i fylkestinget i Rogaland i møte 26.10.2021 i sak 86/2021, Sauda kommunestyre i møte 22.09.2021 i sak 052/2021, Suldal kommunestyre i møte 21.09.2021 i sak 067/21, Hjelmeland kommunestyre i møte 17.06.2021 i sak 037/21 og Strand kommunestyre i møte 16.06.2021 i sak 050/21 nærare fastsett i denne avtalen, overføra deler av konsesjonskraftgevinsten til eit tiltaksfond for Ryfylke, kalla Ryfylkefondet.
2. Samla konsesjonskraft som tilfjell partane frå kraftanlegga Saudefaldene, Ulla-Førre, Breiava kraftverk, Lysebotn kraftverk, Tjodan kraftverk, Flørli kraftverk, og Jøssang kraftverk, er omfatta av avtalen. Rogaland fylkeskommune bidrar med gevinsten for 10 % av samla konsesjonskraftkvantum av nemnde anlegg, og kommunane med 10 % av eige konsesjonskraftkvantum i medhald av dette punktet.
3. Partane overfører verdien av fastsett kraftkvanta i medhald av pkt. 2 etter den pris som til ei kvar tid tilsvarer differansen mellom kjøps- og salspris i den einskilde kommune, referert aktuelle kraftanlegg. Kommunane og Rogaland fylkeskommune skal innan utgangen av januar, eller snarast mogleg etter årsskiftet, rapportere oppnådd verdi for konsesjonskraft for føregåande år.
4. Midlane vert overført Ryfylkefondet med nærare avtalt delbeløp (ca 50 % av forventa årsbeløp) innan 1. juli. Resterande årsbeløp vert overført innan 1. februar påfølgjande år med endeleg avrekning.
5. Midlane skal forvaltast iht. bestemmelser som følger av samarbeidsavtalen (hovuddokument).
6. Avtalen gjeld frå 1.1.2021 t.o.m. 31.12.2024, og kan ikkje seiast opp i avtaleperioden. Partane skal innan utgangen av 2024 behandla spørsmål om fornying av avtalen i ny 5 års periode.

Avtalen er skriven i 5 eksemplrar, eit til kvar av partane.

Stavanger,09.11.2021

Fylkesordfører i Rogaland

Ordfører i Sauda

Ordfører i Suldal

Ordfører i Hjelmeland

Ordfører i Strand